



Sendt med e-post til [postmottak@kud.dep.no](mailto:postmottak@kud.dep.no)

Kulturdepartementet  
Postmottak  
Postboks 8030 Dep.

0030 OSLO

Oslo 27. juni 2013

### **Høyring om NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014**

Vi viser til dykkar brev av 11. mars 2013 om Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4) med høyringsfrist 1. juli 2013.

Vi kjem ikkje til å kommentera dei ulike forslaga i høyringa, men vil nemne saker vi meiner er viktige for norsk kulturpolitikk. NOPA tykkjer Kulturutredningen 2014 er eit solid, informativt og godt dokument. Vi vil likevel kommentere saker vi meiner ikkje er vektlagt nok i høyringa.

Vårt omfattande innspel med statistikk og tal, som vart leverte til departementet i mai 2012, har utvalet sett bort i frå. NOPA står heller ikkje på lista bak i utgreinga over alle som har kome med innspel. Dette seier vi oss lei for.

NOPA har nyleg feira 75 års-jubileum. I samband med jubileet og i etterkant arbeidar vi med vår profil og strategi. I våre vedtekter heiter det at NOPA skal arbeida for medlemmane sine økonomiske, sosial og kulturelle kår - dette er overordna i vår aktivitet. Etter vårt syn er komponistar, låtskrivarar og tekstforfattarar ikkje prioritert i kulturpolitikken. Vi arbeidar for å heva statusen til vår kunstnargruppe.

### Sosiale ordningar

NOPA vil peika på at frilanskunstnarane må få betre sosiale ordningar. Fødselspermisjon, sjukeløn, skatt, trygd og pensjon må tilretteleggjast, slik at rettane til opphavsmenn og kvinner til musikk og andre kunstuttrykk kan samanliknast med lønsmottakarane sine. Ja, vi treng våre nye kulturbygg, dyktige kulturadministratorar og solide kulturinstitusjonar. Skal vi ha eit blomstrande kulturliv, må frilanskunstnarane får betre rammevilkår. Betre sosiale ordningar er grunnleggjande også med tanke på mangfald og kjønnsbalanse i kulturlivet.

Det har vore fokus på dei aukande pensjonskostnadane i dei store kulturinstitusjonane. Vi undrar oss korleis det i framtida skal gå med pensjonsutbetalingane til kulturarbeidarar som arbeidar frilans. Oppteningstida til full pensjon for lønsmottakarar har vorte forlenga. Som

lågtlønsgruppe blir vi hengande etter på dette området. Vi er klar over at fleire departement må involverast i desse reformane, m.a Arbeidsdepartementet.

Landet vårt må løfte forholda for oss som skapar litteraturen, bileta, foto, musikken, songteksten, teaterstykket og filmen.

## Opphavsrett

Vi vil peika på den nøkkelrolla TONO, KOPINOR, GRAMO, NORWACO og BONO spelar i kulturlivet. Desse forvaltningsorganisasjonane står for at rundt ein milliard kroner vert overført til dei som har rettar i musikk, film og litteratur.

Vi helsar også endringane i åndsverklova velkomne, og vil rosa regjeringa for godt arbeid. Vi ser fram til det vidare arbeidet med revisjon av åndsverklova. NOPA er også tilfreds med at Kulturutredningen framhevar åndsverklova og opphavsretten som fundament for økonomisk verdiskaping i kulturnæringa. Åndsverklova er med på å sikra kunstnarane og produsentanes inntekter, og er såleis vår viktigaste kulturlov. Ei sterk åndsverklov legg grunnlag for at nye verk kan skapast og publiserast.

NOPA vil understreka at forvaltningsorganisasjonane i dag legg til rette for brei tilgang til kultur for publikum, samstundes som kunstnarane og produsentane sine interesser vert tekne vare på.

## Musikklov og avgifter

NOPA vil ha ei musikklov som kan sikra oss høgare vederlag for tekst og musikk frå straumetenestar som til dømes Wimp og Spotify. Vi vil at departementet, saman med andre departement, skal vurdere konsesjonsavgift for straumetenestane, reduksjon av moms for alt sal av musikk, og avgift på utstyr som spelar av musikk t.d. telefonar, lese Brett og anna utstyr. NOPA meiner også at fastpris på musikk må vurderast. Vi vil også foreslå 2% avgift for omsetjinga til GRAMO som skal gå til innspeling av ny musikk og tekst, jfr. Lov om Det Norske Komponistfond.

## Arbeidsstipend

NOPA har for få statlege arbeidsstipend, og det finst ingen statlege stipend som er øyremerka songtekstforfattarar. Vi er usamde med utsegna i Kulturutredningen 2014 at færre kunstnarar skal få meir stipend. Ut i frå aktiviteten i kulturlivet vil vi hevde at fleire skal få større stipend. Stipendordninga må innrettast slik at dei kan nå kunstnarar i alle fasar av karriera si.

## Musikalfond

NOPA vil ta til orde for eit fond som kan generere nye norske musikalalar. Vi tenker at eit slikt fond kan leggje til rette for at det vert skapt ny norsk musikkdramatikk for barn, ungdom og voksne. Vi treng nye musikalar som fører arven vidare etter Folk og Røvere i Kardemommeby, Bør Børson, Reisen til Julestjernen m.v. Fondet kan ha tilsvarande manusstøtteordning som for film, og må ha musklar nok til å finansiera store sceniske verk.

Norsk musikk i NRK og andre media

Vår organisasjon har sidan skipinga i 1937 arbeidd for at fleire norske musikkverk må bli framførde i NRK. I seinare tid ser vi at dei kommersielle kringkastarane som TV 2, P4 og Radio Norge skulle hatt meir norsk musikk i sine program. Bare ca. 10% av musikken som vert strauma har opphav blant norske låtskrivarar.

NOPAs medlemmer skriv låter, spelar inn musikk og reiser på turné. Dei fleste NOPA-medlemmar skriv sine melodiar og tekstar uansett. Vi lagar våre verk fordi vi har noko å uttrykke. Born, ungdom, vaksne og eldre, syng og lyttar til musikk i sorg, kvardag, glede og fest. Teksten og musikken bind oss saman - og det er *vi* som lagar teksten og musikken.

Med venleg hilsen



Ragnar Bjerkreim, komponist  
Styreleiar NOPA